

Johanne Vidnes Brandseth og Kjell Brandseth

31/1-2023

5704 Voss

Vanylven kommune,

6143 Fiskå

postmottak@vanylven.kommune.no

Uttale til planen vedkomande utfylling /næringsområde i Småstranda.

Syner til e-post sendt til Vanylven kommune 6. januar 2022 og 25. jan. ,og svar frå Vanylven kommune 20. jan 2022 ved Helge Kleppe der spørsmål/svar vedkomande masseutfyllinga /næringsareal i Småstranda vart utveksla. Brevet av 25jan. om våre bekymringar vil vi utdjupa litt meir. Dette etter å ha lese og vurdert Norconsult sine skisserte planar utarbeidd for dykk.

Som påpeika alt i første brev er vi opptatte av:

- **kvar skal massane plasserast**
- **utstrekning av området der massane er tenkt plassert**
- **etterbruk og tilvøling av området**

I brevet framheldt vi at «omfanget og bruken av desse massane vil truleg ha konsekvensar for oss i hyttefeltet. Vi vonar at dei endelige vedtatte planane vil vere positive for oss med interesse for sjø , fiske og friluftsliv, og vere berekraftige for heile Vanylven».

I **svarbrevet** ditt merkar du deg at vi er bekymra for at hyttefeltet vert forringa som fritid- og ferieområde for oss. Og bekymringar har vi enno, sjølv om vi har fått svar på mykje, og planane er noko endra.

Vi meiner at «**Planforslaget for Reguleringsføresegner for Småstranda næringsområde**» tek breitt omsyn til dyre-og planteliv, fisk, forureining, kulturminne, vind og ver, havstiging, bølger ++. Og det er bra!

Det er skissert fleire alternative bruksområde for næringsarealet , **men bygningsområde /kai med firkanta 11m høge bygningar for industri /lager er lagt mest vekt på**.

Med ordet **industri**, forbind ein ofte **støy**. Og ei støyande uestetisk strandlinje, vil vi i hytteparadiset vårt, gå sterkt imot. Og slik vi skreiv 25.jan.-2022:

Ei næring som fører med seg mykje støy og bråk , kanskje heile døgnet, vil på ingen måte harmonere med hyttefelt /fritidsbustader slik det var tiltenkt og lagt ut for sal då vi kjøpe vårt “paradis”.



Kva konsekvensar har dette for trivsel? Og kva økonomiske konsekvensar for oss i hyttefeltet? Dette er ikkje gjort greie for i planane. Vi trur det vil vere negativt for oss!

Vi føler oss lurt om slik utfylling/industri/lagerbygg vert realisert. Slik var ikkje førespegladå vi kjøpte hyttetomta vår der.

Grunnlaget for planen er utfylling i sjø, heiter det. Men må det vere det?

Og kva er kaiområdet og lagerbygningane tenkt til??

Som vi nemnde i brevet frå 25. jan. kunne ein delvis annan bruk for overskotsmassar vore aktuell. Dette er Norconsult så vidt inne på då dei nemner:

«Annan veggrunn – grøntareal (SVG) Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift (PBL § 12-5, nr. 5) og LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (L)»

Kjekt om planane for 2014 vart fornya.

Dette alternativet burde vore meir utdjupa etter vårt syn. Tenk om vi kunne få ein gang og sykkelveg frå St. Jetmundskyrkja til Slagnes + gamlevegen vidare mot Syltefjorden!

Med nok massar, kunne vi kanskje få ei harmonisk og langstrakt strandline mest ut mot **Slagnes**. Stranda utover ville etter vårt syn vore veleigna for turistnærering /fritidshus og som alt nemnt, **gang-og sykkelveg**. Som gamle kjendtfolk kan fortelje, er det gamle minnepunkt frå den første vegen som snodde seg mellom Åheim og Slagnes som kunne vore markert på nytt. Det vert nemnt namn som: Lykkja, Neset, Hesterenna, Vedfonna, Kvernagrova, Milestolpen, Åneset-løypestreng stasjon og Lensmannsstolen m.m. Det kunne bli ei fin natur og kulturvandring.

Frå Slagnes til Sylte er gamle fylkesvegen mest intakt. Fin Panoramaveg. Ein slik fin trim- og sykkelveg vil du ikkje finne mange andre stader.

Legg ved eit påteikna kart for å illustrere nokre av våre enkle tankar. Og vonar igjen at dei endelige tiltaka i Småstranda vert til bate både for fisk, dyr, innbyggjarane og fritidsbuarane i kommunen, og at det vert ei attraktiv strand å sjå både for dei som kjem forbi via sjøvegen eller turistar langs landevegen.

Mvh

Johanne Vidnes Brandseth og Kjell Brandseth

